

Besl. O. nr. 25.

Jf. Innst. O. nr. 17 (1998-99) og Ot.prp. nr. 9 (1998-99).

År 1998 den 3. desember holdtes Odelsting, hvor da ble gjort slikt

vedtak til lov

om endringer i lov av 14. juni 1985 nr. 73 om tilskot til private grunnskular og private skular som gjev vidaregåande opplæring (privatskulelova).

I.

I lov av 14. juni 1985 nr. 73 om tilskot til private grunnskular og private skular som gjev vidaregåande opplæring (privatskulelova) skal det gjerast desse endringane:

§ 25 nr. 4 skal lyde:

Departementet *kan* dra godkjenninga attende dersom vilkåra i denne lova ikkje vert fylte.

§ 26 tilskottsregel nr. 1 skal lyde:

Tilskottsregel nr. 1

Grunnskular for funksjonshemma.

- a) Alle *driftsutgifter* vert dekte ved statstilskot. Departementet fastset tilskotet på grunnlag av framlagde planar og budsjettframlegg. Så langt råd vert normalsatsen pr elev pr skuleår lagd til grunn.
- b) Skulane kan etter søknad få statstilskot til investeringsutgifter.
- c) Utgifter til elevreiser vert dekte etter gjeldande reglar i lov om grunnskulen.

§ 26 tilskottsregel nr. 3 skal lyde:

Tilskottsregel nr. 3

Vidaregåande skular som *tidlegare hadde* parallellar i tilsvarande statlege skular: 85 pst av dei driftsutgifter som kjem inn under tilskotsgrunnlaget vert dekt ved statstilskot. Så langt råd vert dette rekna etter ein normalsats pr heilårselev.

§ 26 tilskottsregel nr. 4 innleiinga skal lyde:

Vidaregåande skular som kan godkjennast etter

§ 3 bokstav a, b og d i lova her:

§ 26 tilskottsregel nr. 5 vert oppheva.

§ 26 tilskottsregel nr. 7 andre leddet andre punktum skal lyde:

Utgifter til pensjonsinnskot skal likevel innarbeidast i tilskotsgrunnlaget slik at tilskota dekkjer 100 pst av gjennomsnittlege utgifter til pensjonsinnskot i offentlege skular.

§ 26 tilskottsregel nr. 7 andre leddet noverande andre til fjerde punktum vert tredje til nytt femte punktum.

§ 26 tilskottsregel nr. 8 andre leddet andre, tredje og fjerde punktum skal lyde:

Utgifter til pensjonsinnskot skal likevel innarbeidast i tilskotsgrunnlaget slik at tilskota dekkjer 100 pst av gjennomsnittlege utgifter til pensjonsinnskot i offentlege skular. Tilskotsgrunnlaget vert fastsett av Stortinget. Tilskotet vert knytt til ein normalsats pr elev særskilt for barnesteget og ungdomssteget rekna ut for grunnskular i Noreg, jamfør tilskottsregel nr. 7.

§ 26 tilskottsregel nr. 10 skal lyde:

Tilskottsregel nr. 10

Departementet kan gje forskrift om at

- a) *statsborgarar i Noreg eller ein annan EØS-stat som er elevar ved utanlandske eller internasjonale grunnskular i Noreg eller i utlandet, skal kunne få tilskot etter denne lov til kompletterande undervisning, og at*
- b) *statsborgarar i Noreg eller ein annan EØS-stat som er elevar ved utanlandske eller internasjonale vidaregåande skular i Noreg eller i utlandet, skal kunne få tilskot til delvis dekning av skulepengar.*

§ 26 tilskottsregel nr. 11 vert oppheva.

§ 27 første ledd skal lyde:

Alle offentlege driftstilskot og *eigendelar frå elevane* skal koma elevane til gode.

II.

Lova tek til å gjelde frå den tida Kongen fastset.

Gunnar Skaug,
president.

Sigvald Oppebøen Hansen,
sekretær.